



# Trygg styring - sterke fellesskap!

## Program 2023 - 2027



Vestnes  
Arbeiderparti

## Kvifor stiller vi til val?

Vestnes er den vakraste staden vi veit om. Det er heime. Å gje Vestnes og alle som bur her ei god framtid er målet vårt.

Fellesskapet skal hjelpe deg til det livet du ønskjer. I kvardagen og i mange av dei store hendingane i livet.

Slik som den første skuledagen. Når born og foreldre både gler seg og er spente. Kjem borna til å få det fint? Blir skulen ei god førebuing til ungdomstid og vaksenliv? Vi stiller til val for at du som forelder skal føle deg trygg på at svaret er "ja".

Eller arbeidsdagen. Arbeiderpartiet vart grunnlagt for mange år sidan for å sikre folk gode arbeidstilhøve. Det er framleis vårt viktigaste formål.

Til deg som er tilsett i Vestnes Kommune: Trivst du på jobb? Får du høve til å gjere ditt beste for innbyggjarane? Har du overskot til fritida di? Det er vår viktigaste ambisjon i dette valet.

Så til deg som er forelder til nokon som går i barnehage eller skule, til deg som er sjuk eller som har nokon nær deg som treng hjelp frå fellesskapet. Ein grunn til at tilsette i kommunen er så viktige for Vestnes Arbeiderparti, er at dersom dei har ein god arbeidsdag, får du og dine det betre.

Lærarane skal ha litt meir tid til kvar elev. Helsearbeidarane litt meir tid til deg eller den du er glad i.

Jobben er tryggleiken i livet. Som industrikkommune kjenner vi godt til oppgangs- og nedgangstider. Regjeringa vår har gjort maritim industri og havvind til dei viktigaste eksportsatsingane. Det er bra for Vestnes. Som lokalpolitikarar skal vi vere gode støttespelarar og samarbeidspartnarar.

Det gjeld også alle andre næringar. Mellom anna skal vi legge til rette for vekst i sjømatnæringa, sikre gode vilkår for bøndene og vidareutvikle Vestnes som handelssentrums.

Dette er nokre av dei viktigaste grunnane til at vi stiller til val i Vestnes. Du kan lese mykje meir om dette i programmet vi har laga for korleis vi vil styre Vestnes Kommune. For å få til alt dette må vi halde styr på lommeboka til kommunen. Det har vi ein plan for som du kan lese om i siste kapittel.



**Kristian Blindheim, Ordførarkandidat for Vestnes Arbeiderparti**

## Innhald

Trygg styring - sterke fellesskap

Bli med å gjere det meir attraktivt å bu i Vestnes!

Slik skaper vi betre skular og barnehagar

God helse og livskvalitet for alle

Klima og miljø - vi må gjere vårt!

Vestnes Kommune - ein ansvarleg arbeidsgjevar

Eit sterkt næringsliv og eit bærekraftig landbruk

Trygg og funksjonell transport

Eit levande kulturliv

Eit romsleg og internasjonalt samfunn

Slik får vi kommuneøkonomien på rett kjøl



## **TRYGG STYRING – STERKE FELLESSKAP!**

Vi får til meir saman enn kvar for oss. Noreg sin veg frå eit fattig samfunn til eit rikt land handlar aller mest om eit sterkt fellesskap. I fellesskap skal vi utvikle Vestnes. Vi har mange store oppgåve framføre oss. Vi skal løyse dei saman - kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarar.

Kommunen utgjer grunnmuren i velferdssamfunnet vårt, med særleg ansvar for skule, helse og eldreomsorg. Vestnes Arbeiderparti vil ha offentlege tenester av høg kvalitet som er tilpassa kvar og ein sitt behov.

Vestnes har i snitt høgare pengeforbruk enn mange andre kommunar. Å få kommuneøkonomien på rett kjøl må prioriterast høgt. Vi må lukkast med å redusere utgiftene. Samstundes må vi heve kvaliteten på tenestene vi leverer. Eit godt samarbeid med tilsette og at vi blir betre på å rekruttere og vidareutdanne er viktig for å lukkast.

## **Lat oss gjere det meir attraktivt å bu i Vestnes!**

Stadig fleire flyttar til byane. Det er distrikts-Noreg si største utfordring. Slik er det også i Vestnes. Den unike plasseringa mellom Molde, Ålesund og Åndalsnes gjer at vi kan greie å snu utviklinga.

Jobbmogleigheter er viktig når unge skal busette seg. I tillegg til attraktive jobbar i Vestnes har vi pendlaravstand til ein større arbeidsmarknad enn dei fleste i fylket. Vi må synleggjere dette betre, og samstundes vise fram alt vi har å by på av natur-, kultur- og servicetilbod.

Vi må ha nok bustadtomter tilgjengeleg i alle bygder. Der tomtene blir seld, må vi utvikle fleire. I lag med utbyggjarar må vi skape eit variert butilbod.

At vi blir fleire eldre og færre yngre gjer det utfordrande å skaffe arbeidskrafta som trengs både i offentleg og privat sektor. Vi må ta vare på den kompetansen vi har og rekruttere nye folk. Å synleggjere for ungdommane våre kva jobbmogleigheter dei har her heime er viktig.

Eit godt barnehagertilbod og ein kvalitativt god skule blir og viktig å synleggjere for tilflyttande bornefamilar.

Utdanning er ei viktig årsak til at ungdom flyttar ut av fylket. Å utvikle eit meir mangfaldig utdanningstilbod i Møre og Romsdal er difor viktig.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Betre marknadsføringa av Vestnes og alt vi har å by på.
- Sørge for eit variert tilbod av tomter og bustader.
- Jobbe for å vidareutvikle og synleggjere utdanningstilbod i Møre og Romsdal.
- Bli betre på å synleggjere for ungdommane våre dei arbeidsplassane vi har i Vestnes.
- Vidareutvikle gode offentlege skular og barnehagar.
- Skape livsglede og trivsel gjennom gode tenester og kultur- og fritidstilbod for alle som bur her.

## Slik skaper vi betre skular og barnehagar

Vi ønsker å satse på å vidareutvikle skulane og barnehagane våre. Skulane i Vestnes skal ha gode resultat og god trivsel, minst på nivå med ein norsk gjennomsnittsskule. Vi ønsker og at barnehagane skal vere ein trygg og god base for dei minste og deira føresette.

Å bygge gode lag rundt eleven der både leiarar, lærarar, fagarbeidrarar og andre læringsassistentar samhandlar, er avgjerande. Det er særskilt viktig å ha fokus på tidleg innsats.

Vestnes kommune treng ein ny felles ungdomsskule. Kommuneøkonomi gjer at vi kanskje ikkje får til dette med det første. Når det blir rom for investeringar er ungdomsskulen viktigast. Tomrefjord skule treng renovering og kulturskulen treng også betre lokale.

Det er etterslep på læremiddel i skulen, både fysiske bøker, digitale læremiddel og teknologisk utstyr.

Krigen i Europa gjer at vi må tenke spesielt på at det kjem fleire sårbare born til Vestnes. Dette må vi gjere skulane i stand til å handtere på ein god måte.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Auke kvalitet og trivsel i skulen og betre resultata.
- Auke lærartettleiken til landsgjennomsnittet og helst meir.
- Gjennom rekruttering og etterutdanning jobbe for at fleire tilsette i skule og barnehage tilfredsstiller kompetansekrava.
- Ha nulltolleranse for mobbing.
- Byggje ny felles ungdomsskule, renovere Tomrefjord skule og ordne nye lokale til kulturskulen når det blir økonomisk mogleg.
- Ha eit utstyrsløft i skulen mellom anna når det gjeld IT-utstyr.
- Jobbe mot eit mål om kontinuerlig barnehageopptak og etablere ein friluftsbarnehage.
- Løfte fokuset på god overgang frå barnehage til skule, frå barneskule til ungdomsskule og vidare i opplæringsløpet.
- Jobbe for at skulane i Vestnes skal bli sertifisert som dysleksivennlige.
- Bevare MOT i ungdomsskulane som program for å skape robust og trygg ungdom.

# God helse og livskvalitet for alle

**Eldreomsorg** skal vere best mogleg, ikkje billegast mogleg. Stella Maris er eit flott bygg. No må innhald i fokus. Nok tilsette med rett kompetanse og som har det bra på jobb, er avgjerande.

Talet på innbyggjarar over 80 år vil auke. Alle som har lyst og evne til å bu heime må få hjelp til det. Dei som treng institusjonsplass må få det.

Mange har behov som ligg ein stad mellom institusjon og å bu heime. Døgnbemanna bufellesskap er ei bra løysing som vi treng meir av. Dette er sosialt og kan hjelpe fleire å vere meir sjølvstendige lengre.

**Yngre med funksjonsvariasjonar** skal kunne leve så sjølvstendige liv som mogleg. Universell utforming generelt er avgjerande. Det må også vere høve til å få seg tilrettelagt bustad.

**Fastlegeordninga** er under press. Arbeidsmengden for fastlegane er så stor at for få vil vere det. Vi vil jobbe for redusert arbeidsbelastning. Vi vil og jobbe for at fleire legar blir utdanna i regionen vår.

**Psykiske problem** er viktig å gjere noko med tidleg. Tilbodet må vere der når du har behov. Mellom anna må vi ha tilstrekkeleg med helsejukepleiarar i skulen og tilgang til psykologtenester ved behov. Betre treffpunkt for personar og grupper med behov er viktig.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Redusere belastninga på fastlegane og rekruttere fleire legar.
- Ha meir tid med lege og fysioterapeut på Stella Maris.
- Utvikle butilbod for eldre eit nivå mellom heimen og institusjon.
- At eldre med evne og ønske om det får bu heime.
- Betre butilbod for vanskelegstilte og folk med funksjonsvariasjon.
- Auke grunnbemanningsnivå i pleie- og omsorgstenestene.
- Jobbe for eit betre avlastningstilbod.
- Vere restriktiv med dispensasjon frå krav om universell utforming.

# Vestnes Kommune - ein ansvarleg arbeidsgjevar

I Vestnes Kommune skal tilsette, pasientar, pårørande og elevar kunne ta opp utfordringar og bli møtt konstruktivt.

Kommunen er ein stor arbeidsgjevar. Vi må sørge for at desse arbeidsplassane er attraktive og trygge.

Økonomisk omstilling, fleire eldre og utvikling av oppvekstsektoren vil krevje mykje. Dei tilsette sit på avgjerande kunnskap som vi må nytte. Vi vil ha meir systematisk involvering av tilsette.

Å rekruttere gode lærarar og skuleleiarar og sørge for høve til etter- og vidareutdanning er avgjerande for å levere gode tenester.

Mangfaldige organisasjonar leverer betre. Det er avgjerande å behandle jobbsøkarar likt uavhengig av bakgrunn, kjønn eller livssituasjon.

Kommunestyret har til sjunde og sist arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i kommunen og ansvaret for tenestekvaliteten. Det ansvaret skal vi vere medvtine på og jobbe for å utvikle ein god organisasjon.

Vestnes arbeiderparti vil:

- Gje fleire høg stillingsprosent, meir forutsigbarheit og ei løn ein kan leve av.
- Sikre god og forutsigbar involvering av tilsette i relevante saker.
- Auke grunnbemannninga.
- Satse på kompetanseutvikling blant dei tilsette.
- Utvikle Vestnes Kommune som ein problemløysande og konstruktiv organisasjon, ikkje minst gjennom god leiarrekrytering og leiarutvikling.
- Sørge for eit godt lærlingtilbod også i kommunen si verksemد.
- Sikre transparente og åpne prosessar.

## **Eit sterkt næringsliv og eit berekraftig landbruk**

Vi må skape for å ha noko å dele. I Vestnes har vi fleire bedrifter som er leiande på sine område. Dette gjeld særleg maritim verksemd og aquakultur. Vi må samarbeide om gode rammevilkår.

Næringslivet vårt er einsidig. Det gjer Vestnes-samfunnet sårbart. Vi må også leggje til rette for framveksande næringar.

Vi har lange tradisjonar innan landbruk. Vi må halde dyrka mark i hevd og betre vilkåra for bøndene. Vidareutvikling av Gjermundnes Vidaregåande er viktig for at ungdom kan ta vidaregåande opplæring i kommunen mellom anna innan landbruk.

Verfta har lenge hatt ei uvisse hengande over seg rundt finansiering av opprydding etter gammal forureining frå verft og båtbyggjeri. Det er urimeleg at kostnadene skal falle berre på dagens verft. Staten må bidra.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Tilretteleggje næringsareal og sørge for rask saksbehandling.
- Støtte Vestnes Næringsforum økonomisk.
- Jobbe for gode vilkår for maritim industri, mellom anna at Staten dekkjer opprydding på havbotnen ved verfta.
- Jobbe for auka verdiskaping og sysselsetting innan sjømat, samt sikre miljøomsyn og skatteinntekter frå næringa.
- Jobbe for gode vilkår for landbruket, mellom anna gjennom å ta vare på matjord.
- Samarbeide med nabokommunar og destinasjonsselskap om å utvikle turistnæringa i Vestnes.
- Jobbe for å vidareutvikle Gjermundnes Vidaregåande skule.
- Bidra til å realisere grønt kompetansesenter ved Gjermundnes vgs.
- Motarbeide sosial dumping.

## Klima og miljø - vi må gjere vårt!

Klima- og naturkrisene er vår tids største utfordringar. Vestnes har ei rolle å spele. Vi må alle gjere vårt. Klima og miljø må vere ein sentral del av kommunal planlegging.

Vi vil revidere kommunen sin klimaplan og utarbeide eit klimabudsjett for åra fram mot 2030. Vi vil og sørge for at vi følgjer opp kartleggingar av sårbare artar i kommunen og tek omsyn til desse.

Nærleiken til naturen er noko av det beste med å bu i Vestnes. Vestnes Arbeiderparti vil jobbe for å halde naturen rein og leggje til rette med fleire tilpassa turstiar.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Jamnleg revidere kommunen sin klimaplan og utarbeide eit klimabudsjett for kommunen si verksemد i tråd med 1,5-gradersmålet.
- Legge til rette for kildesortering i kommunale bygg.
- Jobbe for meir gjenbruk, for eksempel av bygningar som elles blir rive.
- Bruke elbilar i kommunal verksemد.
- Sørge for gode arealplanar, ta vare på dyrka mark og artsmangfald i flora og fauna.
- Vere restriktive med å gje dispensasjonar til bygging i strandsona.
- Redusere bruken av plast i kommunal verksemد.
- Sørge for god avløps- og slamhandtering og jobbe for gode fellesløysingar.
- Jobbe for at Staten bidreg til opprydding av gamal forureining ved skipsverfta.
- Ta vare på og vidareutvikle turstiane i kommunen.

## Trygg og funksjonell transport

God samferdsel må til for å vidareutvikle kommunen og gjøre kvarldagen enklare. Gode kollektivtilbod gjer det lettare for folk å leve miljøvenlege liv og å nytte offentlege tenester, kulturtilbod og fritidstilbod. Vi vil jobbe for eit betre kollektivtilbod innad i kommunen.

Fylkeskommunen tilbyr i nokre kommunar Fram Flexx - ei hente teneste som blir tilpassa passasjerane sine behov. Vi vil samarbeide med fylkeskommunen om å få til dette.

Ny teknologi kan gjøre det mogleg å drive hurtigbåtar til langt lågare kostnad enn før. Derfor har vi trua på at vi kan gjeninnføre hurtigbåtrute mellom Molde og Vestnes og vil samarbeide med fylkeskommunen om det.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Jobbe for eit betre kollektivtilbod i Vestnes kommune, mellom anna vil vi jobbe for å innføre Fram Flexx i Vestnes.
- Jobbe for å gjeninnføre hurtigbåten mellom Vestnes og Molde.
- Samarbeide med fylkeskommunen om å legge til rette for at bussar og drosjer kan bli utslippsfrie.
- Betre koordineringa av bussar og ferge.
- Jobbe for at månadskort på Fram kan brukast på Vy sine bussar.
- Følge opp kommunen sin trafikktryggingsplan.
- Jobbe for tryggare trafikkavvikling på Furneset.

## Eit levande kulturliv

For Arbeiderpartiet er det viktig at vi både har noko å leve av og å leve for. Eit mangfaldig kulturliv gir attraktive og gode lokalsamfunn.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- At kulturskuletilbodet er tilgjengeleg for alle uavhengig av økonomi og funksjonsevne.
- Oppretthalde støtte til kulturtildeling og prioritere tilbod til born og unge slik som ungdomsklubbar.
- Støtte rusfrie aktivitetstilbod.
- Oppfordre til og støtte opp om frivillig arbeid.
- Nyte statlege og private støtteordningar til kulturtildeling betre.
- Sørge for bedre utnytting og sambruk av idretts- og kulturanlegg og på sikt bidra til realisering av nye lokale.

## Eit romsleg og internasjonalt samfunn

Over 70 nasjonalitetar er representerte i Vestnes kommune. Innvandring bergar folketalet og gjev oss heilt uvurderleg arbeidskraft, ikkje minst innan omsorg og skipsbygging. Vi må legge til rette for trivsel og inkludering slik at dei som kjem til kommunen vår blir vera nde her.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Saman med arbeidsgjevarar og frivillige utarbeide ein plan for integrering og inkludering av flyktningar, arbeids- og familieinnvandrarar.
- Gje både born og vaksne god og tidleg norskopplæring.
- Tilby fleire timer språkopplæring for minoritetsspråklege born, mellom anna ved å tilby innføringsklassar også for andre målgrupper enn flyktningar.
- Gje gratis norskopplæring til innvandrarar med born i barnehage eller grunnskule, om mogleg i samarbeid med næringsliv.

## Slik får vi kommuneøkonomien på rett kjøl

Vestnes er på ROBEK-lista. Det inneber at vi er under statleg tilsyn fordi økonomien er dårleg. Det gjer det vanskeleg å ta opp nye lån utan godkjenning frå Statsforcaltaren. Den store utfordringa er at økonomien må betrast samstundes som tenestekvaliteten aukar.

I Vestnes er 16,6 prosent av dei over 80 år på institusjon. Det er ca. 5 prosentpoeng høgare enn liknande kommunar. Stella Maris er fullt og talet på innbyggjarar over 80 vil auke. Vi kan ikkje byggje ein sjukeheim til. Å etablere døgnbemanna bufellesskap for folk med noko mindre hjelpebehov kostar mindre og kan vere betre for mange enn institusjon.

Sjukefråveret er og høgt. Det kostar. Auka grunnbemannning og betre dialog med tilsette kan redusere sjukefråver og spare pengar.

God leiing er viktig. Vi har færre leiarar og administrativt tilsette enn liknande kommunar. Dette har gjeve for lite tid til oppfølging av kvar enkelt tilsett. Å investere meir i god leiing kan bidra til betre drift.

Vedlikehald bør gjerast før ting er så øydelagde at dei må byttast ut. Vi har spart oss til fant ved å bruke for lite på vedlikehald av vegar og bygg.

Vi må sjå på tidsbruken til tilsette, særleg med tanke på om vi brukar kompetanse det er knappheit på til andre ting enn det dei er tilsett for.

Mange ønskjer å slippe eigedomsskatt. Vestnes Kommune er ikkje i ein situasjon der det er realistisk. Vestnes Kommune må no retaksere eigedomar. Dette vil auke skattegrunnlaget og skatteinntektene noko.

Vestnes Arbeiderparti vil:

- Vidareutvikle butilbod for eldre med middels hjelpebehov slik at ein lågare andel bur på institusjon.
- Redusere sjukefråver mellom anna ved auka grunnbemannning.
- Levere tenester sjølve i staden for å kjøpe av private.
- Drive meir proaktivt vedlikehald av vegar og bygg.
- Sørge for effektiv bruk av personell.
- Jobbe for auka statlege overføringer.
- Retaksere eigdomar så inntektene frå eigedomsskatt aukar noko.

